



# Møteprotokoll for Alver formannskap

**Møtedato:** 14.10.2021  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland  
**Møtetid:** 09:00 - 15:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Thomas Larsen	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
Morten Klementsens	UAVH	Medlem
Terje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Jostein Hellestveit	SP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May-Irene Wergeland	SP	
Liv Hopland van der Kooij	SP	Jostein Hellestveit
Sveinung Toft	V	Leif Johnsen

## Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Arne Eikefet-rådgjevar, Bernt Fjordheim-tenesteleiar, Eirik Bouwer Utne-tenesteleiar, Eirik Schütz-kommuneadvokat, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-kommunalsjef, Kari Hesjedal-avd.leiar, Leni Dale-kommunalsjef, Lisbeth Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Silje Andvik Hoaas-avd.leiar, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
082/21	Godkjenning av innkalling og sakliste
083/21	Godkjenning av møteprotokoll
084/21	2. tertialrapport 2021

- 085/21 Avlastingstiltak for barn og unge i Alver kommune
- 086/21 Framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset - høyringsuttale
- 087/21 Høyring om ny kyrkjeleg organisering: Müller-Nilsenutvalet si utgreiing «samhandling i en selvstendig folkekirke – ny kirkelig organisering»
- 088/21 Søknaad om justering av kommunegrense mellom Alver kommune og Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune
- 089/21 TV-aksjonen 2021 - Plan international
- 090/21 Politisk møteplan 2022
- 091/21 Melding/orientering til formannskapet 14.10.2021

**082/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Alver formannskap 14.10.2021:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

**FO- 082/21 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

**083/21: Godkjenning av møteprotokoll**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Alver formannskap 14.10.2021:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

**FO- 083/21 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

**084/21: 2. tertialrapport 2021**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2 tertial 2021 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2021 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B).
3. Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere innsparing knytt til pensjon 2021 (totalt 2,7 mill kr) som er lagt til under administrativ styring og støttelefeksjoner til tenesteområda under hver sektor.
4. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter (både sentrale postar og driftsposter og overføring frå drift til investering). Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året i samsvar med mottatt finansiering (auke i rammetilskott og/ eller andre koronatilskott). Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er ført på eige objekt knytt til koronarekneskap. Det skal leggjast fram oversyn over koronarekneskapen med finansiering i samband med årsmeldinga.

5. Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året knytt til meirutgifter kommunesamanslåing. Ein føresetnad for å finansiere merutgifter knytt til kommunesamanslåing er at dei er ført på ansvar kommunesamanslåing eller eige objekt, og at dei avsette fondsmidlane på fond for kommunesammenslåing dekker meirutgiftene. Det skal leggest fram oversyn over kva utgifter som er dekkja av kommunesamanslåingsmidlane i samband med årsmeldinga.
6. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2021 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B).  
I sum vert investeringsutgiftene redusert med kr 40,9 mill. til kr 475,5 mill.  
Endring i finansiering (netto reduksjon kr 40,9 mill):
  - Bruk av lånemidlar vert redusert med kr 46,3 mill.
  - Kompensasjon for merverdiavgift vert redusert med kr 3,9 mill.
  - Auke i bruk av bundne investeringsfond kr 9,3 mill.
7. Finansrapport vert tatt til orientering.

#### **Alver formannskap 14.10.2021:**

##### **Handsaming:**

##### **Tillegg tilrådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtar investeringsrekneskapet med unntak av prosjekt Hestdal – nytt vassbehandlingsanlegg. Kommunestyret avventar politisk sak i november.

Rådmannen sitt framlegg med tillegg vart samrøystes vedteke.

##### **Framlegg frå H, Krf, Ap og Sp ved S.Sekkingstad-Sp:**

Auka kapasitet byggjesak 200 000 kr.

Kommunestyret legg inn midlar til å auke kapasitet på byggjesak, for å ta få ned sakshandsamingstida og etterslepet på byggjesak. Ved behov for ytterlegare auke i kapasitet, ber kommunestyret rådmannen setje i gong hensiktsmessige tiltak og rapportere til kommunestyret ved behov for ytterlegare finansiering.

Kommunestyret vil leggje inn 800 000 kr til auka kapasitet byggjesak i budsjett for 2022. Evt. vidare finansiering avklarast i økonomiplanarbeidet for 2023-2026.

Tiltaket vert finansiert ved auka bruk av disposisjonsfond.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FO- 084/21 Vedtak:**

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2 tertial 2021 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til drift, sentrale poster og disposisjonsfond for 2021 slik det går fram av "status drift for kommune (1A)" og "status drift for tenesteområdene (1B).
3. Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere innsparing knytt til pensjon 2021 (totalt 2,7 mill kr) som er lagt til under administrativ styring og støttefunksjoner til tenesteområda under hver sektor.
4. Dei ulike postane i oppsettet under tabell koronarekneskap, vert budsjettjustert i samsvar med påløpte utgifter (både sentrale postar og driftsposter og overføring frå drift til investering). Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året i samsvar med mottatt finansiering (auke i rammetilskott og/ eller andre koronatilskot). Ein føresetnad for å justere driftspostar knytt til Covid-19 er at det er

- ført på eige objekt knytt til koronarekneskap. Det skal leggjast fram oversyn over koronarekneskapen med finansiering i samband med årsmeldinga.
5. Rådmannen får fullmakt til å budsjettjustere endringar gjennom året knytt til meirutgifter kommunesamanslåing. Ein føresetnad for å finansiere merutgifter knytt til kommunesamanslåing er at dei er ført på ansvar kommunesamanslåing eller eige objekt, og at dei avsette fondsmidlane på fond for kommunesammenslåing dekker meirutgiftene. Det skal leggjast fram oversyn over kva utgifter som er dekkja av kommunesamanslåingsmidlane i samband med årsmeldinga.
  6. Det vert føreteke budsjettjusteringar knytt til investering for 2021 slik det går fram av "status Investering og finansiering (2A)" og "Status Investeringar (2B).  
I sum vert investeringsutgiftene redusert med kr 40,9 mill. til kr 475,5 mill.  
Endring i finansiering (netto reduksjon kr 40,9 mill):
    - Bruk av lånemidlar vert redusert med kr 46,3 mill.
    - Kompensasjon for merverdiavgift vert redusert med kr 3,9 mill.
    - Auke i bruk av bundne investeringsfond kr 9,3 mill.

7. Finansrapport vert tatt til orientering.

Kommunestyret vedtar investeringsrekneskapet med unntak av prosjekt Hestdal – nytt vassbehandlingsanlegg. Kommunestyret avventar politisk sak i november.  
Auka kapasitet byggjesak 200 000 kr.

Kommunestyret legg inn midlar til å auke kapasitet på byggjesak, for å ta få ned sakshandsamingstida og etterslepet på byggjesak. Ved behov for ytterlegare auke i kapasitet, ber kommunestyret rådmannen setje i gong hensiktsmessige tiltak og rapportere til kommunestyret ved behov for ytterlegare finansiering.

Kommunestyret vil leggje inn 800 000 kr til auka kapasitet byggjesak i budsjett for 2022. Evt. vidare finansiering avklarast i økonomiplanarbeidet for 2023-2026.

Tiltaket vert finansiert ved auka bruk av disposisjonsfond.

**085/21: Avlastingstiltak for barn og unge i Alver kommune  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- a. Kvasten avlastningsbustad får auka kapasitet med 3 plassar. Samla kapasitet etter auke vert då 8 plassar
- b. Kommunen reduserer kjøp av private avlastingstenester. Det er ein føresetnad for reduksjon kjøp av teneste at målgruppe opprettheld kvalitet i tenestetilbod i kommunal regi.
- c. Starte arbeide med å finne eigna lokaler for å samlokalisere avlastingstiltaka som i dag vert gitt i Røsvikreien i Knarvik, Havnevegen på Frekhaug og på Ostereidet. Målet er betre kvalitet og kostnadseffektiv drift.

**Ungdomsråd 07.10.2021:**

**Handsaming:**

Orientering i saka v/Bernt Fjordheim

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

**UR- 040/21 uttale:**

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

## **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 11.10.2021:**

### **Handsaming:**

#### **Framlegg:**

Rådet er samd i at kommunen i minst mogleg grad kjøper private avlastingstenester, (jf pkt. b i rådmannen sitt framlegg).

Vi kan støtta pkt. a, men er tvilande m.o.t. om det er heldig å ha såpass mykje som åtte plassar på éin stad. Vidare kan bygget framstå noko institusjonsprega, og somme kan dermed oppleva det som stigmatiserande å vera på avlasting der. Ut frå dette bør det vurderast om denne løysinga kan vera mellombels, og at ein tek sikte på å finna ein lokasjon som er betre eigna.

Når det gjeld pkt. c, må det leitast i heile kommunen etter eigna lokasjonar, og her òg er det viktig at det ikkje vert for mange plassar på éin stad. Når vurderingsgrunnlaget er klart, må saka tilbake til politisk handsaming.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **RMNF- 040/21 uttale:**

Rådet er samd i at kommunen i minst mogleg grad kjøper private avlastingstenester, (jf pkt. b i rådmannen sitt framlegg).

Vi kan støtta pkt. a, men er tvilande m.o.t. om det er heldig å ha såpass mykje som åtte plassar på éin stad. Vidare kan bygget framstå noko institusjonsprega, og somme kan dermed oppleva det som stigmatiserande å vera på avlasting der. Ut frå dette bør det vurderast om denne løysinga kan vera mellombels, og at ein tek sikte på å finna ein lokasjon som er betre eigna.

Når det gjeld pkt. c, må det leitast i heile kommunen etter eigna lokasjonar, og her òg er det viktig at det ikkje vert for mange plassar på éin stad. Når vurderingsgrunnlaget er klart, må saka tilbake til politisk handsaming.

## **Utval for helse og omsorg 12.10.2021:**

### **Handsaming:**

Bernt Fjordhem-tenesteleiar habiliteringstenester orienterte.

May-Irene Wergeland-SP ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Wergeland fram følgjande tilleggframlegg til punkt c i rådmannen sitt framlegg:

*Utvalet bed om at rådmannen kjem attende med ei sak om lokalisering i Alver, val av bygg/nybygg og muleg total økonomisk gevinst ved ei samlokalisering av tiltaka som ovanfor er namngitt som aktuelle.*

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg, med tilleggframlegg frå Wergeland.

### **HO- 027/21 uttale:**

a. Kvasten avlastningsbustad får auka kapasitet med 3 plassar. Samla kapasitet etter auke vert då 8 plassar

b. Kommunen reduserer kjøp av private avlastingstenester. Det er ein føresetnad for reduksjon kjøp av teneste at målgruppe opprettheld kvalitet i tenestetilbod i kommunal regi.

c. Starte arbeide med å finne eigna lokaler for å samlokalisere avlastingstiltaka som i dag vert gitt i Røsvikrenen i Knarvik, Havnevegen på Frekhaug og på Ostereidet. Målet er betre kvalitet og kostnadseffektiv drift.

Utvalet bed om at rådmannen kjem attende med ei sak om lokalisering i Alver, val av bygg/nybygg og muleg total økonomisk gevinst ved ei samlokalisering av tiltaka som ovanfor er namngitt som aktuelle.

**Alver formannskap 14.10.2021:****Handsaming:****Framlegg frå Sp, Ap, KrF og Høgre ved T.Larsen-H:**

Tillegg til rådmannen sitt framlegg:

c) Kommunestyret ber rådmannen kome attende med ei sak om lokalisering, val av bygg/nybygg og eventuell økonomisk innsparing ved ei samlokalisering av desse avlastingstiltaka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 085/21 innstilling:**

- a. Kvasten avlastningsbustad får auka kapasitet med 3 plassar. Samla kapasitet etter auke vert då 8 plassar
- b. Kommunen reduserer kjøp av private avlastingstenester. Det er ein føresetnad for reduksjon kjøp av teneste at målgruppe opprettheld kvalitet i tenestetilbod i kommunal regi.
- c. Starte arbeide med å finne eigna lokaler for å samlokalisere avlastingstiltaka som i dag vert gitt i Røsvikrenen i Knarvik, Havnevegen på Frækhaug og på Ostereidet. Målet er betre kvalitet og kostnadseffektiv drift. Kommunestyret ber rådmannen kome attende med ei sak om lokalisering, val av bygg/nybygg og eventuell økonomisk innsparing ved ei samlokalisering av desse avlastingstiltaka.

**086/21: Framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset - høyringsuttale****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Alver kommune tilrår alternativ N1 med lang tunnel mellom Vågsbotn og Tellevikområdet, og kryssprinsipp A i Vågsbotn, slik det kjem fram i framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset.
- Alver kommune støttar at det berre skal etablerast trafikkregulerande tiltak med skilt og oppmerking etter vedtak frå Statens vegvesen etter veglova. Elles blir det vist til saksframlegget for ytterlegare utdjuping.

**Alver formannskap 14.10.2021:****Handsaming:****Fellesframlegg frå Sp, AP, KrF og H ved Ø.Oddekalv-Ap:**

Nytt kulepunkt:

Alver kommune er opptatt av å sikre optimal framdrift på parsellen Vågsbotn-Klauvaneset, og ber derfor om at det vert gjennomført to separate reguleringsplanar for Ringveg Øst. Siste setning i kulepunkt 2 går ut.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:**

Nytt kulepunkt: Alver kommune meiner at bompengetrykket for innbyggjarane i Nordhordland allereie er høgt. Alver kommune føreset at E16/E39 vert utan bompengefinansiering.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., M.Færø-uavh.og T.Sletten-Hansen-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 086/21 Vedtak:**

- Alver kommune tilrår alternativ N1 med lang tunnel mellom Vågsbotn og Tellevikområdet, og kryssprinsipp A i Vågsbotn, slik det kjem fram i framlegg til kommunedelplan for E16/E39 Arna-Vågsbotn-Klauvaneset.
- Alver kommune støttar at det berre skal etablerast trafikkregulerande tiltak med skilt og oppmerking etter vedtak frå Statens vegvesen etter veglova.
- Alver kommune er opptatt av å sikre optimal framdrift på parsellen Vågsbotn-Klauvaneset, og ber derfor om at det vert gjennomført to separate reguleringsplanar for Ringveg Øst.

**087/21: Høyring om ny kyrkjeleg organisering: Müller-Nilsenutvalet si utgreiing «samhandling i en selvstendig folkekirke – ny kirkelig organisering»****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Spørsmål 4 til 13 vert meldt attende til kyrkjerådet, i tråd med saksutgreiinga

**Alver formannskap 14.10.2021:****Handsaming:****Framlegg frå SP, AP, KRF, H ved A.AA.Byrknes-Krf:**

Framlegg til vedtak med nytt svar på punkt 4 og 13

Alver kommune meiner det vert ei stor utfordring med å finne ein finansieringsmodell som fleire kommunar kan slutte seg. Dette vil krevje så mykje energi at det vil gå utover arbeidet. Denne utfordringa synest undervurdert. I anna slikt kommunalt samarbeid vil ein som regel ha representantar frå den politiske eller den administrative leiinga. Det gjer at ein kan finne fram til modeller og fordeling som kan fungere. Med eit prostifellesråd meiner Alver kommune at det kan bli større "avstand" til den kommunale leiinga og vanskelegare å få til ei felles forståing som alle kommunane i prostiet kan slutte seg til. Risikoen for at den foreslåtte prostimodellen vil gje for stor slitasje er for stor.

Alver kommune vil også peike på at det verkar noko uklart korleis det nye prostifellesrådet skal vere samansatt. Dersom alle kommunane skal vere representert så kan det bli eit stort fellesråd noko som gjer det vanskeleg å få det til å fungere som eit "styre".

For mindre kommunar bør det vere mogleg å få til samarbeid på tvers av kommunegrensene som bygger på avtaler som kommunane blir samde om.

**Konklusjon:**

Alver kommune meiner at det ikkje er formålstenleg å ha eit fellesråd på prostinivå, og meiner dagens organisering med eit fellesråd på kommunalt nivå må oppretthaldast.

Framlegget vart samrøystes vedteke

Rådmannen sitt framlegg med vedtekne endringar vert samrøystes vedteke.

**FO- 087/21 Vedtak:**

Spørsmål 4 til 13 vert meldt attende til kyrkjerådet, i tråd med saksutgreiinga

Nytt svar på punkt 4 og 13

Alver kommune meiner det vert ei stor utfordring med å finne ein finansieringsmodell som fleire kommunar kan slutte seg. Dette vil krevje så mykje energi at det vil gå utover arbeidet. Denne utfordringa synest undervurdert. I anna slikt kommunalt samarbeid vil ein som regel ha representantar frå den politiske eller den administrative leiinga. Det gjer at ein kan finne fram til modeller og fordeling som kan fungere. Med eit prostifellesråd meiner Alver kommune at det kan bli større "avstand" til den kommunale leiinga og vanskelegare å få til ei felles forståing som alle kommunane i prostiet kan slutte seg til. Risikoen for at den foreslåtte

prostimodellen vil gje for stor slitasje er for stor.

Alver kommune vil også peike på at det verkar noko uklart korleis det nye prostifellesrådet skal vere samansatt. Dersom alle kommunane skal vere representert så kan det bli eit stort fellesråd noko som gjer det vanskeleg å få det til å fungere som eit "styre".

For mindre kommunar bør det vere mogleg å få til samarbeid på tvers av kommunegrensene som bygger på avtaler som kommunane blir samde om.

Konklusjon:

Alver kommune meiner at det ikkje er formålstenleg å ha eit fellesråd på prostinivå, og meiner dagens organisering med eit fellesråd på kommunalt nivå må oppretthaldast.

**088/21: Søknad om justering av kommunegrense mellom Alver kommune og Modalen kommune, alternativt Masfjorden kommune  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Alver kommune ser ikkje at det er grunnlag for å setje i gang ei utgreiing om justering av kommunegrense mellom Alver kommune og Modalen kommune, alternativt mellom Alver kommune og Masfjorden kommune.

**Alver formannskap 14.10.2021:**

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

**Framlegg frå S.Toft-V:**

Alver kommune støttar at det vert sett i gang ei konsekvensutgreiing av den omsøkte grensejusteringa etter inndelingslova § 8.

Utgreiinga skal gje opplysningar om relevante tilhøve som folketal, areal, geografi, kommunikasjonstilhøve, beredskapsmessige tilhøve, pendling, , det kommunale tenestetilbodet, tilbod for barn og unge, og økonomiske verknader av ei eventuell grensejustering. Det må og drøftast kva konsekvensar ei grensejustering vil få for innbyggjarane i dei to grunnkrinsane, og kva konsekvensar ei grensejustering vil ha for dei tre aktuelle kommunane (Alver, Masfjorden og Modalen).

Det må og gjennomførast ei brei innbyggjarhøyring i dei aktuelle grunnkrinsane Romarheim og Urdal.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (N.Øvreås-Frp, S.Toft-V, M.Færø-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Klementsens-uavh.)

**Tilleggsframlegg frå Sp, Ap, H og KrF ved S.Sekkingstad-Sp:**

Formannskapet tar saka til orientering, og vil arbeide vidare med spørsmålet om utgreiing fram mot kommunestyremøtet.

Formannskapet ønskjer å leggje til rette for utvikling og spreidd busetnad i heile kommunen, og oppmodar gamle Romarheim-Urdal skulekrins om å ta aktivt del i prosessen med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

Framlegget vart vedteke med 8 røyster (T.Larsen-H, Ø.Oddekalv-Ap, N.Bognøy-Ap, A.Hetlebakke-Krf, A.Byrknes-Krf, M.I.Wergeland-Sp, L.H.van der Kooij-Sp og S.Sekkingstad-Sp).

**FO- 088/21 innstilling:**

Formannskapet tar saka til orientering, og vil arbeide vidare med spørsmålet om utgreiing fram mot kommunestyremøtet.

Formannskapet ønskjer å leggje til rette for utvikling og spreidd busetnad i heile kommunen, og oppmodar gamle Romarheim-Urdal skulekrins om å ta aktivt del i prosessen med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.



**089/21: TV-aksjonen 2021 - Plan international****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune løyver kr. 50 000,- i kommunebidrag til TV aksjonen 2021.

Midlane vert løyvd frå konto 11200 – 1000 – 1000

**Alver formannskap 14.10.2021:****Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 089/21 Vedtak:**

Alver kommune løyver kr. 50 000,- i kommunebidrag til TV aksjonen 2021.

Midlane vert løyvd frå konto 11200 – 1000 – 1000

**090/21: Politisk møteplan 2022****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2022 slik den er lagt fram i saka.

**Alver formannskap 14.10.2021:****Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FO- 090/21 innstilling:**

- Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2022 slik den er lagt fram i saka.

**091/21: Melding/orientering til formannskapet 14.10.2021****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

**Alver formannskap 14.10.2021:****Handsaming:**

- Protokoll Regionrådet 14.06.2021 og 03.09.2021, vedlegg
- IUA Bergen Region – protokoll styremøte 22.03.2021, vedlegg
- Resultat Åpenhetsbarometeret ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Status dekk sak Hjelmås, vedlegg
- Status framdrift for utviklings- og forbedringsprogram ved rådmann Ørjan Raknes Forthun
- Retts sak Equinor ved kommuneadvokat Eirik Schuz  
Orienteringa var lukka jf.kommunelova § 11.5 b. og off.lova § 18.
- Intensjonsavtale mellom Equinor Refining Norway AS-og Alver kommune om utbygging av vannforsyning til Mongstad industriområde ved rådmann Ørjan Raknes Forthun - vedlegg vart ettersendt 13.10.2021
- Status kraft ved Nh.næringslag Baste Tveito
- Gjennomgang av tal sjukeheimplassar, omsorgsbustad pluss og andre institusjonsplassar vi har innan helse og omsorg, inkludert kapasitet, kjøp av plassar i andre kommunar og venteliste ved avd.leiar Kari Hesjedal
- Utkøyring av mat på Radøy ved tenesteleiar Eirik B.Utne
- Ny funksjonalitet og informasjon på [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no) ved avd.leiar Silje Andvik Hoas
- Kommunebarmometeret for Alver kommune, vedlegg

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 091/21 Vedtak:**

Meldinga er teke til orientering



# Formannskap

# Openheitsbarometeret

14. oktober 2021



**ALVER**  
KOMMUNE

## Kva er målt?

Respons på krav om innsyn i kommunedirektørens arbeidsavtale og godtgjørelsen til ordfører og varaordfører.

Søkefunksjoner på kommunens postliste.

Om kommunen legger ut klikkbare fulltekstdokumenter på postlisten.

Har nettsiden kontaktinformasjon til politikerne?

Har kommunen sitt byggesaks-system på nett?

Gir kommunens nettsider informasjon om innsynsretten etter offentlighetsloven?

Er politikernes saksdokumenter tilgjengelige i fulltekst på nettsiden?

Er kommunens politikere og ansatte registrert i styrevervsregisteret?

Hvor lenge er kommunens postlister tilgjengelige på nett?



## Kva er målt?

- Har kommunen retningslinjer som sikrer rask publisering?
- Hvor mange virkedager er det mellom journalføring og publisering av postliste?
- Journalføres organinterne dokumenter i kommunens postliste?
- Flere spørsmål om offentliggjøring av politiske dokumenter.
- Journalføres SMS?
- Er kommunale foretak inkludert i kommunens postliste?
- Fører og publiserer kommunale foretak egen postliste på nett?



## Resultat

	Oppnådd	Mulig	Diff.
• Innsynskontroll (to punkt)	- 6,0	6,0	12,0
• Heimesidesjekk (ni punkt)	6,5	14,5	8,0
• Søkefunksjon postjournal	1,0	2,0	1,0
• Fulltekst	0,0	2,0	2,0
• Byggesakssystem	0,0	2,0	2,0
• Styrevervregiseter	0,0	3,0	3,0
• Tidsspenn for postjournal på nett	- 1,0	1,0	2,0
• Virkedagar mellom journalføring og publisering	0,0	2,0	2,0
• Interne dokument	1,0	2,0	1,0
• Dokument knytt til politisk verksemd	4,0	4,0	0,0
• Journalføring av SMS'er	0,0	1,0	1,0
• Journalføring kommunale selskap	0,0	4,0	4,0
<b>SUM:</b>	<b>4,5</b>	<b>34,5</b>	<b>30,0</b>

NB! Dårligaste moglege score er -18 poeng.

# Innsynskontroll

## Resultat:

Oppnådd: - 6,0                      Mulig: 6,0

## Forklaring resultat:

- Kommunen svarte ikkje på oppmoding om innsyn.

## Mogleg tiltak:

- Dette er ikkje i trå med dei skriftlege rutinane. Evaluere oppfølging av rutinane
- Har motteke ca. 1000 oppmodingar om innsyn frå sommarferien til nå. Må få på plass fulltekstpublisering.

# Heimesidesjekk

## Resultat:

Oppnådd: 6,5                      Mulig: 15,0

## Forklaring resultat:

- Har bare «enkel» søkefunksjon knytt til postjournal.
- Manglar fulltekstpublisering. (Var på plass i de gamle kommunane.)
- Manglar byggesakssystem på heimesidene.
- Politikarar og tilsette er ikkje registrert i styrevervregisteret.



Openheitsbarometeret

# Heimesidesjekk

## Resultat:

Oppnådd: 6,5                      Mulig: 15,0

## Mogleg tiltak:

- Sjekke ut mulighet for «avansert» søkefunksjon – (ACOS er leverandør av systemet)
- Få på plass fulltekstpublisering. Teknisk først. (40 % av kommunene har fulltekstpubl.)
- eByggesak 2022.
- Gjennomføre registrering i styrevervregisteret.



Openheitsbarometeret

## Journalføring

### Resultat:

Oppnådd: 2,0                      Mulig: 5,0

### Forklaring resultat:

- Tidavgrensa tilgjenge postjournal. (Maks score viss uavgrensa)
- 5-7 dagar mellom journalføring og publisering. 1-2 gir maks score.
- Nokre organinterne dokument vert ført i postlistene, men ikkje alle.
- SMS'ar vert ikkje ført i postlistene.



Openheitsbarometeret

## Journalføring

### Resultat:

Oppnådd: 2,0                      Mulig: 5,0

### Mogleg tiltak:

- Ikkje tidsavgrensa tilgjenge til postjournal i Alver.
- Tilgangen til de gamle kommunane er avgrensa til oktober 2017. Vi ser på dette.
- Korte ned tida mellom journalføring og publisering.
- Legge alle organinterne dokument i postlistene.
- Etablere system og rutinar for føring av SMS'ar i postlistene.



## Dokument knytt til politisk verksemd

### Resultat:

Oppnådd: 4,0                      Mulig: 4,0

### Forklaring resultat:

- Politiske dokument blir lagt ut på nett.
- Vert lagt ut samstundes med utsending til politikarar.
- Protokoll vert lag ut 1-2 dagar etter møta.
- Ettersendte dokument vert lagt ut samstundes med at dei vert sendt politikarane.

# Journalføring kommunale selskap

## Resultat:

Oppnådd: 0,0                      Mulig: 4,0

## Forklaring resultat:

- Kommunale føretak/selskap er ikkje inkludert i kommunen sin postliste.
- Kommunale føretak fører ikkje eigen postliste på nett.

## Moglege tiltak:

- Vurdere å inkludere kommunale føretak/selskap i kommunen sin postliste etter dialog/prosess saman med desse.

